

POLITIKK

# Ingen samling i sentrum?

Det er no mindre enn eitt år til stortingsvalet og media ser for seg berre to alternativ: høgresida eller venstresida. Anten blåblått eller raudt/raudgrønt. Sentrum som eit plagsamt vedheng. Statsministerkandidatane er berre Erna og Støre. Dette verkar noko historieløst, for vi har sidan Arbeidarpartiet miste maktmonopolet i 1965 hatt 4 regjeringar med statsminister frå sentrum. Borten-regjeringa var den første. Dei tre sentrumspartia var samla større enn Høgre, og inviterte Høgre til samarbeid. Det var viktig kven som kunne invitere! Regjeringspartia fekk fornya tillit for 4 nye år, men gjekk seinare av etter usemje i EU-saka.

Sentrum er viktig. Det er ille om veljarane som i hovudsak høyrer til mellom ytterfløyene no ikkje har eit alternativ med stor nok tillit for å bli ein maktfaktor. Dei tre sentrumspartia bør i alle fall ha ein intensjonsavtale klar i tilfelle situasjonen etter valet skulle bli slik at sentrum samla blir sterke nok til å ta eit initiativ. Situasjonen talar ikkje for dette akkurat no, men ...

Sentraliseringa vil bygge ned distrikta og nærdemokratiet.

Det er viktig at dette blir ei hovudsak i valkampen for det er dette som kjem oss nærast inn på livet og i praksis vil forandre landet vårt. Trass i at Norge i dag er svært rikt i forhold til då landet blei bygt opp i etterkrigsåra,



**Ser dobbelt:** Jonas Gahr Støre (Ap) og Erna Solberg (H) er i mange saker like, skriv lesarbrevforfatteren.

Foto: Heiko Junge/NTB scanpix

har regjeringa i dag ikkje tenkt å bruke pengar på å halde oppe viktige institusjonar i Distrikts-Noreg. Kommunereforma er lagt opp som ei gigantisk sentralisering med fjernstyring i staden for lokaldemokrati. I same farta kjem der forslag om munnbind på dei folkevalde. Lensmannskontor og andre institusjonar skal leggest ned, kommune og fylkesgrenser rokerast o.s.b. Landet skal forandrast utan at der er ei plan som fortel om konsekvensane av dei tiltak regjeringa har sett i verk.

Vi må vakne!

Er så Arbeidarpartiet alternativet? Nepp! Høgre og Ap er i mange saker like. Arbeidarpartiet har rett nok mykje veljarar ute i distrikta, men det i realiteten alltid Oslo-dominerte partiet har mykje sentralisering på samvettet m.a. statlege re-

gionsentera som har teke over der fylka hadde ansvaret før. Alternativet under valet neste år er faktisk sentrumspartia om dei «kjenner si besøksetid». Sentraliseringa er og ei orsak til fortetting av byane som også mange etablerte byfolk er i mot. Dei som kjemper for distrikta og at heile landet skal takast i bruk har mange meningsfeller der. Kanskje det på dette området har noko for seg det gamle ordtaket «by og land, hand i hand». I dagens situasjon er det i alle fall sikkert at det er feil å dele det politiske bildet i venstreside og høgreside, raudt eller blått. I von om å bremse sentraliseringa vil folk vil ha tilbake det tredje alternativ, også: Samling og styrke i politiske sentrum!

Elias Giske  
Giske

SKOG

# Hindrer tømmerprisen utvikling?

Treindustriens sjef Heidi Finstad kritiserer skogeierne i Nationen 14. november, fordi det eksporteres tømmer framfor å satse på ny innenlandsk skogindustri. Det er et merkelig angrep, mener Allskog, fordi alle i skogens verdikjede ønsker samme utvikling.

Norsk skogindustri har slitt i motbakke, og med nedleggelse har tømmeret funnet nye markeder i utlandet. Dette er kjente mekanismer, og Norge taper på det. Både skogeierne og treindustrien ønsker økt videreføring i Norge, men forutsetningen er at det må løftes industriprosjekter som kan gi avkastning og langsiktighet for alle ledd i verdikjeden. Dette har vært en stor utfordring. Vi har også manglet rammebetingelser og investeringslystne.

Det har vært tradisjon i Norge at politikerne, skogeierne og finansnæringa på dugnad har reist skogindustri. Politikerne kan, som ei samlet skognæring har påpekt, legge til rette for ny skogindustri, og utvikling av den eksisterende industrien vår. Dette alene gir ingen vekst, all den tid næringa sliter med å reise kapital og prosjekter med god avkastning.

Skogeierne kan ikke akseptere en verdikjede der skogeierens innsats skal salderes. Det må alltid være muligheter for at alle i verdikjeden, uansett hvilket ledd du står, skal kunne tjene penger.

At Norges Skogeierforbund



**Råstoff:** Skogeiere og treindustri må samarbeide bedre, skriver lesarbrevforfatterne.

Foto: Vidar Ruud/NTB scanpix

påpeker tapte inntekter til landet med eksport av tømmer, er et viktig poeng i debatten om politiske rammevilkår. Gjennom samfunnets bidrag til rammebetingelser for skognæringa, kan økt innenlands videreføring av tømmer øke verdien på det grønne råstoffet vårt 10 ganger. Denne verdiskapingsmuligheten er formidlet våre politikere i ei tid der stadig mer av avkastningen av oljefondet brukes i statsbudsjettene, og grønn omstilling er på dagsorden.

Som treindustriens sjef påpeker i sitt innlegg, skjer det mye positivt innen videreføring av tømmer i Norge nå. Regnskappene ser flere steder bedre ut enn på lenge, og nyskapingen tar

så smått av. Dette er fantastiske nyheter, som skogeierne også bygger opp under.

Det er likevel slik, at de aller fleste av oss i næringa ikke har muskler til å satse alene. En kan heller ikke skape skogindustri uten skogeierne i ryggen. Råstoffet er like viktig som sluttmarkedet. Skogeierne og industrien må samarbeide bedre, mener Allskog, for å sikre god hogst, transport og industrialisering. I tillegg trengs rammebetingelser og interessante industriprosjekter, slik at skogen også oppdages av finansnæringa.

Eilif Due, styreleder i Allskog, og Anna CB Moe, næringspolitisk sjef i Allskog

POLITIKK

# Slik vinner Frp valget i 2017

Det er ingen tvil om at Frp er nede i en bølgedal. Nå må partiet ta grep og høre på folket, og ikke Høyre-toppene!

Punkt 1. Programfest ut av EØS og Schengen-avtalen!

Punkt 2. Prioriter forsvar, og en anstendig politikk for våre egne slitere, framfor skattelette til de rikeste.

Punkt 3. Støtt opp om norske arbeidsplasser med norske lønninger, nordmenn kan ikke

konkurrere med Øst-europeere på pris.

Punkt 4. Få Sylvi Listhaug inn som leder i partiet, og la henne og Christian Tybring-Gjedde fronte innvandringspolitikken.

Dette må skje raskt, skal partiet vinne valget i 2017!

Jan Ove Fromreide  
Askøy



**Trumf:** Christian Tybring-Gjedde og Sylvi Listhaug er gode Frp-kort, skriver lesarbrevforfatteren.

Foto: Håkon Mosvold Larsen/NTB scanpix og Skjalg B. Vold

BYGDA

# Landsbygda trekker byfolk

Kvar fredag ettermiddag og kveld kjem bilar i stride stramar med folk frå byen som vil vera på landet i helgene, enten det er på hyttene eller leilegheitane sine, på hotellet, eller i bubilane eller campingvognene sine. Dei kjem enten for å kose seg og slappe av, eller for å drive med ulike aktivitetar som foturar og skiturar, eller kanskje for å ordne litt med hytta. Kva er det med landsbygda og fjellet som er så stas å kome til i ferie og fritid? Er det ikkje så bra i byen, er det noko ein saknar der? Kvifor vil ein bu i byen da?

Kan ein ikkje like godt flytte til oss på landet, så slepp ein all denne bilkøyninga fram og tilbake frå og til byen i helgene? Det kan ordne seg med tomt eller bustad, eller så kan ein kanskje få lov til å bu på dei flotte hyttene sine året rundt. Mange distriktskommunar treng fleire innbyggjarar, serleg barnefami-


liar, slik at ein slepp å legge ned skular og barnehagar, butikkar og servicebedrifter og det eine med det andre. Og skattekrevene er sjølv sagt kjærkomne for slunkne kommunekasser. Men så var det det med arbeid, da. Nokre kan ta med seg jobben sin når dei flytter, eller så kan ein pendle køfritt langs frededelege og opplevingsrike distriktsveggar til der arbeidsplassar finnast. Like godt det som denne pendlinga til fristaden på landet nesten kvar helg. Eller køkøyning i byen til og frå jobb, til og frå kjøpesenter eller til fritidsaktivitetar mv.

I bygda kan ein by på frisk og rein luft, flott natur og nok av aktivitets- og kulturtilbod, og stillheit og ro og fred, for dei som måtte ønske det.

Jon Ingebretsen  
Kommune- og fylkespolitikar og fri-  
luftsmenneske

Avstemning

Syns du det er bra at Tine investerer millioner i Jarlsberg-meieri i Irland?



Antall stemmer: 540

Hver dag finner du avstemninger og meningsmålinger om aktuelle temaer på nationen.no. **Klikk deg inn og stem!**